

Informasjon frå grendalaget, november 2015

Advents kafé

Advents kaféen blir som vanleg 1. søndag i advent, 29/11 kl. 16:30 i gymsalen.

Komiteen er i gang med arbeidet, og har sendt ut loddbøker, invitert til kranselaging 23/11 kl. 18, og bedt alle om å bidra med gevinstar. Meir informasjon kjem etter kvart.

Bruksavtale for skulen

Bruksavtale er framleis ikkje på plass. Det er eigedomsjefen som har utspelet, og har forklart tidsbruken med manglande kapasitet. Inntil avtale er på plass er det kommunen som dekkjer alle driftskostnader ved skulen.

Riving av gamleskulen

Kommunen ynskjer å riva skulebygget i vinter, og vi har førebels avtalt 10. januar som oppstartstidspunkt. Medan riving pågår, kan gymbygget og området rundt bli sperra og utilgjengeleg i periodar.

Vi vil gjennomgå det gamle utstyret som ligg på loftet, og berga det som er verneverdig. Vi oppfordrar folk som vil delta i dette arbeidet, gjerne seniorar, om å melda seg.

Innkjøp av utstyr

Vi har i haust gjort innkjøp av kjøkenutstyr; rask oppvaskmaskin, stort kjøleskap, og servise, bestikk og serveringsutstyr for 80 personar.

Det er og kjøpt inn stort stillas. Dette kan lånast ut til medlemmene etter nærare avtale.

Leige av gymsalen

Reglane for tildeling av gymsalen gjev medlemmene fortrinnsrett dersom tinging skjer meir enn 6 månader før leigetidspunkt. Er det mindre enn 6 månader mellom tinging og leigetidspunkt er det «førstemann til mølla». Det betyr at leige i mai bør tingast no i november for at medlemmer skal ha fortrinnsrett.

Padleforedrag 11. november

Camilla og Kyrre vil halda eit foredrag om kajakkpadling onsdag 11. november kl 19:30 i gymsalen.

Invitasjonen bør frista alle friluftinteresserte i området. Du er herved invitert!



Helsing
Styret